

Retningslinjer for studierett på studium/emne med studieavgift

Godkjent av høgskuledirektøren 24.04.2019 med heimel i Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda 01.01.2015.

1. Manglande betaling av studieavgift

Konsekvensen av manglande betaling av studieavgift er at studenten misser studie- og eksamensretten. Dette inneber alle rettar som studieretten gir, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen i Volda.

2. Studieavbrot - permisjon

Studieavgifta vert ikkje refundert om ein student avbryt eit studium/emne.

Ein student kan søkje om permisjon frå studiet/emnet. Permisjon skal søkjast skriftleg, jf Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda, § 4-12.

Ein student som har fått innvilga permisjon, skal ikkje betale ny studieavgift når han kjem attende til studiet.

3. Rett til å gå opp til eksamen

Studentar som er lovleg hindra i å gå opp til ordinær eksamen, kan melde seg opp til utsett eksamen utan å betale ny studieavgift. Studentar som ikkje har greidd ordinær eksamen og studentar som har trekt seg under ordinær eksamen, kan melde seg til ny eksamen utan å betale ny studieavgift.

Studentar som ikkje har møtt til ordinær eksamen og studentar som ønskjer å forbetre karakteren, kan melde seg til ny eksamen innan to år etter at studieretten vart avslutta. Førsetnaden er at det vert arrangert eksamen i emnet/a. Studenten skal ikkje betale ny studieavgift.

Ein student har tre eksamensforsøk i det same emnet.

Om reglar for betaling av semesteravgift til studentsamskipnaden, sjå lov 14. desember 2007 nr. 116. § 10 pkt. 2 om studentsamskipnader og tilhøyrande forskrift.